

## **MANDAT FOR FELLESRÅD ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE I MELAND**

### **§ 1 Val og sammensetning av Fellesråd eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Meland (Fellesrådet)**

Fellesrådet skal ha 8 medlemer frå følgjande:

Meland Helselag, Eldresenter	2 medlemmer med personlege vararepresentantar
Meland Helselag, styret	1 medlem med personlege vararepresentant

Interesseorganisasjonane for funksjonshemma

FFO/SAFO	3 medlemer med personlege vararepresentantar
----------	--

Utval for Drift og utvikling	1 medlem med personlege vararepresentant
------------------------------	--

Utval for Levekår	1 medlem med personlege vararepresentant
-------------------	--

Kommunestyret skal velje fellesrådet for valperioden.

Rådet vel leiar og nestleiar blant representantar frå organisasjonane.

### **§2 Oppgåver for Fellesrådet**

Fellesrådet er eit rådgjevande organ for kommunen og skal ha til handsaming alle saker som gjeld målgruppene.

Fellesrådet skal m.a. ha følgjande saker til uttale:

1. Årsbudsjett
2. Økonomiplan
3. Kommuneplan, kommunedelplan og verksemndplanar
4. Sektorplanar
5. Utbyggingsplanar

I prosjektgrupper, ad hoc-utval og anna som vert oppnemnd i samband med planlegging av saker som under punkta over, skal Fellesrådet vere representert. Fellesrådet peikar sjølv ut representanten.

Fellesrådet kan sjølv ta opp saker.

Fellesrådet skal ikkje handsame saker som gjeld ein skildpersonar.

Fellesrådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.